

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.06.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av A, H, Sp, Krf, FFO og SAFO fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF vil peike på at det er ein unytta arbeidskraft-reserve hos menneske med ei eller anna form for funksjonsnedsetting. Det kan skuldast både haldningar og frykt for mindre effektivitet frå arbeidsgjevar. Vestland fylke bør saman med partnerane i næringslivet arbeide for at også denne arbeidskrafa blir inkludert og får nytte evnene sine i arbeidslivet.

RMNF ønskjer at fylkestinget skriv det inn i kap. 3.4 under overskrifta «sikre tilgang til arbeidskraft». Temaet er naturleg knytt til mål 4, 5 og 8 i planen.

Både det offentlege og dei private verksemndene må arbeide for eit inkluderande arbeidsliv, og aktivt rekruttere inn arbeidskraft som treng ekstra tilrettelegging for å delta i vanleg arbeidsliv, slik regjeringa sin inkluderings-strategi legg opp til.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke

Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RMNF vil peike på at det er ein unytta arbeidskraftreserve hos menneske med ei eller anna form for funksjonsnedsetting. Det kan skuldast både haldningar og frykt for mindre effektivitet frå arbeidsgjevar. Vestland fylke bør saman med partnerane i næringslivet arbeide for at også denne arbeidskrafa blir inkludert og får nytte evnene sine i arbeidslivet.

RMNF ønskjer at fylkestinget skriv det inn i kap. 3.4 under overskrifta «sikre tilgang til arbeidskraft». Temaet er naturleg knytt til mål 4, 5 og 8 i planen.

Både det offentlege og dei private verksemndene må arbeide for eit inkluderande arbeidsliv, og aktivt rekruttere inn arbeidskraft som treng ekstra tilrettelegging for å delta i vanleg arbeidsliv, slik regjeringa sin inkluderingsstrategi legg opp til.